

Årsmelding 2025



Orre sokn



DEN NORSKE KIRKE
Orre kyrkjelyd

Innhold

Nøkkelopplysningar Enhetsregisteret.....	3
Orre sokneråd	3
Tilsette	3
Orre kyrkjelyd.....	4
Statistikk	5
Gjevarteneste	6
Økonomi.....	7
Årsrapport for kyrkjeleg undervisning og læring.....	8
Årsrapport for konfirmantarbeid	10
Årsrapport for ungdomsklubb	10
Årsrapport for diakonalt arbeid	11
Glimt frå kyrkjelydsarbeidet	12

Nøkkelopplysningar Enhetsregisteret

- Organisasjonsnummer: 976 993 578
- Navn/foretaksnavn: Orre sokn
- Organisasjonsform: Den Norske Kirke
- Besøksadresse: Åsevegen 37, 4343 Pollestad
- Kommune: Klepp
- Postadresse: Postboks 101 4358 KLEPPE
- Internettadresse: <https://orre.kyrkje.no/>

Orre sokneråd

- Bjørn Borgen, soknerådsleiar
- Wenche Jess Klippen, nestleiar t.o.m. 31.10.25
- Anne Kyte Moi, nestleiar f.o.m. 01.11.25
- Jan Wiig, rådsmedlem
- Henning Thunheim, fast møtande vara
- Gunther Theiss, fungerande sokneprest t.o.m. sommaren 2025
- Erik Rørtveit, sokneprest f.o.m. 01.08.25

Tilsette

- Gunther Theiss, fungerande sokneprest t.o.m. 30.07.25
- Hilde Norland Djønne, dagleg leiar t.o.m. 31.07.25
- Karoline Undheim-Tharaldsen, administrasjonsmedarbeidar t.o.m. 31.07.25
- Erik Gjerdahl, menighetspedagog t.o.m. 31.08.25
- Erik Rørtveit, sokneprest f.o.m. 01.08.25
- Hilde Kaltveit Eikeland, dagleg leiar f.o.m. 01.08.25
- Jan Erik Lerbekk, menighetspedagog og sekretær f.o.m. 01.08.2025
- Arne Hadland, organist
- Karl Ørbeck Dächert, ungdomsarbeidar
- Ruth Bråtveit, diakonimedarbeidar
- Bjørn Borgen, klokkar
- Ketil Terning, kyrkjetenar
- Marit Byberg, reinhalda

Orre kyrkjelyd

Året 2025 var prega av mange endringar i personalet i kyrkja. Gunther Theis hadde avslutningsgudsteneste 2. pinsedag 9. juni. Me takkar Gunther for tenesta dette året og for mange flotte gudstenester og god formidling.

Det er 75 år sidan kyrkja på Pollestad vart innvigd. Dette vart markert 2. pinsedag med utvida kyrkjekaffi. Orre sin eldste mann Palmer Orre var med på innviinga av kyrkja. På markeringa vart han intervjuet av Jan Wiig. Han er ein sprek 100 åring med veldig god hukommelse. Han var m.a. lydansvarleg på innviinga av kyrkja i 1950. Wenche Jess hadde ei historisk gjennomgang med utgangspunkt i Hein Steinskog sitt jubileumsskriv på 50-års markeringa. Hein Steinskog kunne dessverre ikkje være med av helsemessige grunner. Jarle Minnesjord som var vår prest til juni 2024 var med og fortalde om sine 18 år i Orre.

Det var 9 søkarar til ny prest som skal ha 50% av tida i Orre og 50% som prest i Jæren prosti. 5 søkjarar vart innkalla til intervju. Dette føregjekk på bispekontoret og soknerådsleiar var med. Etter lukka diskusjon i tilsettingsrådet vart Erik Rørtveit tilbydd stillinga som han tok i mot. Me har fått ein flink, flott, jordnær og lyttande prest i Orre.

Menighetspedagog Erik Gjerdahl sa opp sin stilling sommaren 2025, og denne stillinga måtte lysast ut. Me takkar Erik for tenesta i Orre i 6 år. Sekretærfunksjon for Orre sokneråd siste år har vore Hilde Norland Djønne. Dette var og ein midlertidig ordning. Nå kom tanken om ei felles stilling som menighetspedagog og sekretær for soknerådet. Det var to søkjarar til denne stillinga og Jan Erik Lerbrekk vart tilsett, og han starta i august samtidig med Erik Rørtveit. Me er svært godt nøgde med at me nå har fått desse to i staben i Orre. Karl Ørbeck fortsett i stilling som ungdomsarbeidar. Han leiar ein fin ungdomsgjeng 14-15 år annankvar fredags kveld.

Arne Hadland er den trygge og gode organisten me har hatt i mange år. Marit R Byberg held kyrkja rein og fin. Deler av klokkartenesta, kyrkjetenar, ansvar for lyd, kyrkjekaffi m.a. blir utført av frivillige.

Soknerådet er glade for samarbeidet med sundagsskulen i Orre. Dei er med på to familiegudstenester kvart år.

- Soknerådet har søkt om å forlenge 40 km fartsgrense forbi kyrkja, og forlenga sykkelsti ned til kyrkja.
- Me er godt fornøgde med nye trekk på alterringen.
- Det har over litt tid vore arbeid med ei felles styring av varme i kyrkjene i Klepp. Reknar med at det snart fungerer.
- Orre menighet har samarbeid med Den Norske Israelsmisjon.
- Soknerådsleiar deltok i 900 års jubileum i Stavanger Domkyrkje i mai.

Me hadde årleg dugnadskveld med diverse vasking, pussing og rydding. Takk til alle som stiller opp!

Eg vil til slutt takke alle som nyttar vår kyrkje til barnedåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd. Takker også alle tilsette og frivillige som legg ned ein stor innsats i vår menighet.

B.B.

Statistikk

Nøkkeltal for Orre sokn:

	2021	2022	2023	2024	2025
Gudstenester sundagar og heilag dagar	23	28	25	24	25
Deltakarar sundagar og heilag dagar	939	1856	1829	1760	2057
Kollekt til eige arbeid	25.786	26.920	32.515	42.715	36.535
Kollekt til andre	30.750	44.950	51.637	55.966	58.676
Gjevarteneste	102.400	116.300	118.200	114.200	109.600
Dåp	20	15	15	16	17
Konfirmantar	14	10	21	20	18
Vigslar	1	6	3	4	6

Gjevarteneste

Takk til alle som bidreg økonomisk med gjevarteneste til kyrkjelydsarbeidet!

Gjevartenesta er ei viktig inntektskjelde for soknet, og dekkar i 2025 delar av stillingane til ungdomsarbeidar og menighetspedagog.

Gjevartenesta for 2025 ende på kr 109.600. Det var budsjettert med kr 120.000. Det er ein nedgang i gjevartenesta frå 2024 på ca. kr 5.000. Etter ein gjevar-topp i 2023 har gjevartenesta i soknet hatt ein gradvis nedgang over to år, nesten kr 10.000.

Gjevartenesta er viktig for å få realisert det kyrkjelydsarbeidet som er utover det offentlege tilskot dekker.

Økonomi

Her kjem årsrekneskapen for 2025 når den er ferdig.

Årsrapport for kyrkjeleg undervisning og læring

Kyrkjemøtet vedtok i 2024 at trusopplæring vert erstatta av det som i dag vert kalt kyrkjeleg undervisning og læring. For meir informasjon om kva denne endringa vil sei kan ein sjå til saksbehandlinga i kyrkjemøtet 2024.

Dåpsgruppesamlingar

Me har hatt dåpsgruppesamlingar med ein til fire dåpsfamiliar samla kvar gong. Familiane møtte prest og menighetspedagog som gav innføring i dåpen og informerte om den kyrkjelege undervisninga og læringa. Etter kvart i løpet av hausten gjekk den nye presten over til ein-til-ein dåpssamtaler, som erstatta dåpsgruppesamlingar.

123 Spira gudsteneste

Alle døypte 0, 1-, 2- og 3-åringar fekk invitasjon til familiegudsteneste i februar, og alle fem borna som deltok fekk gåver med heim.

Utdeling av 4-års bok

Opplegget på både 4-årssamlinga og gudstenesta fungerte veldig godt. På samlinga høyrde ni born forteljinga om sauene som gjekk seg bort og dei fann sauar som var gøymde i kyrkjerommet. Det var fint å sjå barn og foreldre gå i lag rundt i kyrkjerommet på postar, kor dei leste, undra, såg og oppdaga elementa. Avslutningsvis sat alle igjen og fekk bollar og saft. På gudstenesta kom det ti born, i tillegg eit born frå eit anna sokn. Totalt vart elleve barnebøker utdelt på gudstenesta.

Barnekor-prosjekt i Orre kyrkje

Barnekor-prosjektet var tiltenkt å vera 3 samlingar før julaften. På grunn av for lite oppmøte vert det med berre ei samling der 3 barn og eit par vaksne møtte opp.

Dåpsskulen på Orre

Opplegget for dåpsskulen er godt innarbeida og barna følg med og trivst. Dei var stolte over det fine biletet som dei laga med bønne "Fader Vår", som mange tok med heim og hang opp på veggen. Ti born deltok på dåpsskulen i 2025.

Legoklubb

Ti born møtte på Legoklubb. Me song «Bygge Guds rike» og høyrde to bibelfortellingar, formidla med legobrikker. Til slutt leikte me med Lego og spiste bollar.

Between

Opplegget har fokus på fellesskap og relasjonar, å byggje sjølvbilete og ein trygg kvardagstru på Jesus. Rundt 20 born frå 5-7. trinn har vært innom på dei to samlingane som var.

Aktivitetsdag

Aktivitetsdag er knytt til hausttakkefesten. Samlinga var ute i Wiig-skogen der ti born mellom 9-10 år kom med sysken og foreldre. Programmet bestod av andakt om «Skaparverket», sporleik, grilling, sosialt og frileik.

Orre bedehus - samarbeid

Orre kyrkje har i fleire år hat eit fint samarbeid med Orre bedehus på fleire områder. Særleg når det gjeld barn og unge. Prest og menighetspedagog har delteke nokre gonger på Yngres, eit kontinuerleg arbeid for dei i 4. til 7. klasse. I tillegg har Sundagsskulen som tilhøyrar bedehuset delteke eit par gonger på gudsteneste i kyrkja, familiegudstenestene 1-2-3 Spira og utdelinga av 4-årsbok.

Årsrapport for konfirmantarbeid

Sokneprest har hatt ansvar for konfirmantundervisning og menighetspedagog har deltatt på dei fleste samlingane saman med han.

I konfirmantåret 2024/2025 samlast 18 konfirmantar annankvar veke i Orre kyrkje. Konfirmantane deltok ved minimum 8 gudstenester i løpet av konfirmantåret, derav 4 tenestegudstenester der dei bidrog på gudstenestene. Dei hadde konfirmasjonsfest m/foreldre på våren. Konfirmasjonsgudsteneste var 4. mai.

I konfirmantåret 2025/2026 deltok 21 konfirmantar. Konfirmantane har hatt faste samlingar annankvar veke i Orre kyrkje. I tillegg deltok dei minst 3 gonger i halvåret på enten gudsteneste eller ungdomsklubben i Orre. Utanom dette har dei hatt obligatoriske gruppepresentasjonar på kvar sin gudsteneste.

Årsrapport for ungdomsklubb

Ungdomsklubben i Orre kyrkje har i 2025 vore eit fast tilbod for ungdom i alderen 8. til 10. klasse. Det har vorte arrangert om lag 20 samlingar i løpet av året, med faste treff annankvar fredag i partalsveker. Ungdomsarbeidar Karl Ørbeck Dächert har det overordna ansvaret for klubben.

Deltaking og målgruppe:

Gjennom året har besøkstala vore stabile, med ein variasjon frå 8 til 22 deltakarar per kveld. Den største gruppa blant dei besøkande har vore årets konfirmantar, noko som viser at klubben fungerer som ein viktig sosial arena for denne målgruppa.

Aktivitetar og meistring:

Programmet har vore variert og har lagt til rette for både fysisk aktivitet og sosialt samvær.

- Turneringar: Det har vorte skipa til populære konkurransar i FIFA, bordtennis og fotballbord.
- Nærmiljø: Gruppa har vore aktiv i Orrehallen og på fotballbanen, i tillegg til kveldar med grilling i Salteskogen.
- Sosialt fellesskap: Matlaging og felles måltid har vore ein sentral del av tilbodet.

Høgdepunkt: Fotballturnering for konfirmantar

Eit særskilt høgdepunkt i 2025 var då klubben deltok i fotballturneringa for konfirmantar. Ungdommane viste stor speleglede og lagånd, noko som resulterte i ein flott 3. plass. Dette vart feira med ein eigen pizzafest som premie for den gode innsatsen, noko som skapte stor begeistring i gruppa.

Årsrapport for diakonalt arbeid

Diakonen har 100% stilling i kyrkjelydane Klepp, Bore, Orre og Frøyland/Orstad. Jan Wiig er diakonikontakt i Orre kyrkjelyd.

Det diakonale arbeidet i Orre inneheld ulike besøk- og samtaletilbod.

Dessverre har me ikkje eit godt nok tilbod til jubilarar som sokne til Orre kyrkjelyd. Slik at i 2025 var det kun ein som fekk jubiluemsbesøk av kyrkja, ein som fylte 100 år.

Diakonen følgjer opp etterlata som får tilbod om sorggrupper. Dette er eit samarbeid mellom diakonane på Jæren, Sandnes, Sola og Stavanger.

Diakon og prest har institusjonsandakter og tilbyr i tillegg samtale, besøk og nattverd.

Den årlege seniorfest på Kleppe bedehus blei gjennomført 18.mars. Olaus Bollestad var kveldens talar. 110 personar kom på festen. Det er utlodning og i gjekk pengane til Roba utviklingsfond. Seniorfesten er eit samarbeid mellom alle dei 4 kyrkjelydane i kommunen.

Ved behov bidrar diakonen med veiledning og støtte inn i konfirmant- og ungdomsarbeidet.

Bønnearbeidet i Orre skjer i heimane og kyrkja. Medlemmer i kyrkjelyden får utdelt bønnekort for konfirmantar, slik at kvar konfirmant har ein som ber for han/henne. Det blir og utdelt bønnebrosjyre som eit verktøy i kyrkjelyden.

Allehelgensdag, 2. november, er det minnegudsteneste. I dei to siste åra har minnegudstenesta vert arrangert saman med alle 4 kyrkjelydane i kommunen. Også denne gongen er kyrkja full, som fortel oss at kyrkja er ein viktig del av sorgarbeidet.

Orre sokn har eit flott samarbeid og avtale med Den norske Israelsmisjonen som blant anna inneber regelmessig besøk av ein representant frå organisasjonen som informerer om arbeidet og talar, og at ein fast årleg sum blir overført frå soknerådet i tillegg til offer frå kyrkjelyden.

Formiddagstreffet som arrangerast i Stasjonsbygningen på Klepp stasjon er eit samarbeid mellom dei 4 kyrkjelydane i kommunen. Formiddagstreffet på stasjonen hadde 8 samlingar i løpet av året. Mellom 25- 30 møtar på desse samlingane. 22. mai arrangerte me ein gjilde busstur til Mosterøy og Talge. Me besøkte Utstein kloster, Pilegrimsgarden, Talge kyrkje og avslutta med kaffe og blomster på drivhuset på Talge.

Gudstenestene med tilrettelagt klubb, Torsdagstreffen, hadde 9 samlingar der ei av dei var sommartur til Voll juletre gard. Torsdagstreffen besøkte Petrusklubben som er eit tilbod i Gand kyrkje. I tillegg til prest, organist og diakon er det fleire frivillige med frå Klepp. 16.november gjennomførte frivillige i godt samarbeid med diakonen, en Helgudstjeneste.

Ei stor takk til dei frivillige.

Glimt frå kyrkjelydsarbeidet



Foto: Utdeling av 4-årsbok



Foto: Fellesbilete av konfirmantane 2025



*Foto: Ungdommar på ungdomsklubben
i Orre kyrkje*



Foto: Pynting av juletre i kyrkjerommet



Foto: 17. mai gudsteneste i Orre idrettshall



Foto: Montering av nytt skinn på alterringen



Foto: Barna etter julegudstenesta for barnehagen